

Det Kongelege Kulturdepartement  
postmottak@kud.dep.no

Nærbø, 31.08. 2016

## «Om kunstens og kulturens kraft i hverdagsintegrasjonen»

Høyringsfråsegn.

Me viser til brev frå Kulturdepartementet 22.07. vedk. **«Meld. St.30 (2015 – 2016) Frå mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk»**.

Departementet ber m.a. institusjonar senda inn oversikt over tiltak som kan bidra til auka mangfald og integrering.

Jærmuseet vil peika på følgjande tiltak:

- Museet har invitert asylmottak i Sør-Rogaland til å nytta anlegga våre gratis på avtalte dagar. Fleire mottak har respondert positivt. Mottaket må sjølv organisera transport; det kan vera ei økonomisk utfordring. Museet stiller med eigne vertar for desse gruppene. Vitenfabrikken har kveldsope ein dag i veka og har planar om å tilby gratis inngang for flykningemottaka også på kveldstid.
- Fleire av anlegga våre har i mange år hatt godt samarbeid med språkstasjonane i kommunane. Læringsentraa og språkstasjonane i Sandnes og Jærkommunane nyttar både Vitengarden og Vitenfabrikken for å aktivisera brukarane. Her er det utstillingar med mange ulike interaktive eksperiment. Vitensenterutstillingar har vist seg å vera gode pedagogiske verkemiddel. Utstillingane aktiviserer gjestene og inviterer dei til å utforska eksperimenta og samhandla på tvers av språkskilje. Mange av eksperimenta gir deltakarane sosialt utbytte, språklæring og kjennskap til den regionale og lokale historia.

Me tilbyr gratis inngang for vaksenopplæringsgrupper så lenge det er grunnskulepensum, og det er ein del flykningar i desse gruppene. (Eks Sandnes og Johannes læringscenter).

Garborgsenteret tilbyr gratis inngang og formidling til språkstasjonen på Bryne i utstillinga på Garborgsenteret. Omvisninga i utstillinga for framandspråklege har fokus på språk og demokrati.

---

### Jærmuseet

Besøk: Kviavegen 99, Nærbø  
Post: Postboks 250 • 4367 Nærbø  
Telefon: +47 47 77 60 20  
E-post: post@jaermuseet.no

### Våre anlegg

Vitengarden, Vitenfabrikken, Garborgsenteret,  
Garborgheimen, Knudaheio, Tungenes Fyr, Flyhistorisk  
Museum Sola, Grødalaland, Vistnestunet, Haugabakka,  
Limagarden, Rogaland Krigshistoriske Museum, Varden  
Sjøredningsmuseum, Science Circus

jaermuseet.no Org. nr.: NO 971 098 767



- Integreringsklassar for mindreårige, (ungdomsskuletrinnet/15 – 18 år), m.a. frå Nærbø ungdomsskule, nyttar seg av gratis undervisingsopplegg på Vitengarden.
  
- Vitenfabrikken er kvart år arena for markering av FN-dagen i Sandnes, i samarbeid med Sandnes Musikkråd og Flerkulturelt forum. Dette samarbeidsprosjektet har gått over 5 år.
  
- Vitenfabrikken har og samarbeida med Amnesty og Vågen vidergående skole og Sandnes Musikkråd om å arrangera fleirkulturell kulturkveld. Det blei gjennomført i 2014 og 2015, og det er planlagt eit nytt arrangement i 2017.
  
- I planetariet blir det i haustferien arrangert filmkveldar (movie night) med filmar på fem språk.  
På dagar med kveldsope planlegg ein å marknadsføra filmene i planetariet til skuler og kveldsskuler som har språkkurs; dei kan få film på spansk, fransk, tysk, polsk og engelsk.

Vennleg helsing

Målfrid Snørteland  
Direktør